

# Wardruna, Hertan

Seier ned, seier inn  
Seier inn i hold og skinn  
Djupt i blod, djupt i sinn  
Som ein vind eg forsvinn

Hertō rādīþ  
Reidmannē wiljan  
Hertō rādīþ  
Reidmannē walas  
Hertō rādīþ  
Reidmannē wiljan  
Hertō rādīþ  
Reidmannē walas

I kimen av alt  
Trommer ei takt  
Kjennsleskipets ror  
Av gull, av stein  
Dansar vilt utan bein  
Brister utan å brjote

Eg synk...  
Ned i mørkret  
Det blenkjande kvite  
Fell heile mi yte  
Berre kimen står att  
Heilt forlatt  
Utan banda som batt  
Som eit frø  
Finn eg styrke  
I mold og i myrke  
Det som kostar, djupt - det lønar, djupt

Hertō rādīþ  
Reidmannē wiljan  
Hertō rādīþ  
Reidmannē walas

Eg kverver med sola  
Dansar med månen  
Eg smeltar med isen  
Symjer oppstaums med fiskane

Som eit tre  
Fell eg lauva  
Som ein fisk som vender heim  
Symjer oppstraums  
Frå ljøs til livmor  
Går i hi med bjørn!

Som ny, eg ris frå mørkret  
Det blenkjande kvite

Reidmannē wiljan  
Reidmannē walas